

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 08.01.2017
SAKSHANDSAMAR: Lars Petter Smidt/Helge Bergmann/Askjell Utaaker
SAKA GJELD: **Konseptutgreiing ny helikopterbase**

STYRESAK: 13/18 A

STYREMØTE: 25.01.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen HF godkjenner igangsetting av eit tidlegfaseprosjekt for ny helikopterbase på Nygårdstangen.

Oppsummering

Helikopterbasen for Luftambulansen er no lokalisert på Grønneviksøren i Bergen kommune. Området skal utviklast til bustader. Ny reguleringsplan for Nygårdstangen skulle legge til rette for ny basefunksjon på andre sida av Store Lungegårdsvann. I denne saka ber administrasjonen i Helse Bergen HF om aksept for å gå i gang med ei tidlegfaseutgreiing som beskriv ny helikopterbase for Luftambulansen i Bergen. I denne omgang ønskjer vi, i tråd med rettleiar for tidlegfase i sjukehusprosjekt, å gå inn i ein såkalla prosjektinnrammingsfase. Utgreiinga må mellom anna konkludere når det gjeld finansieringsmodell og gjennomføringsmodell.

Fakta

Helse Bergen har i fleire år leigd areal på Grønneviksøren av Bergen kommune til helikopterbase for Luftambulansen. Det har vore lagt til grunn at helikopterbasen skulle flyttast når ny reguleringsplan for Nygårdstangen blei vedtatt. Reguleringsplanen for Nygårdstangen blei vedtatt hausten 2017 og dermed er forholda lagt til rette for at basen kan flyttast og området på Grønneviksøren kan bli brukt til bustadformål.

Bergen kommune har vore i kontakt med Helse Bergen HF allereie, og stilt spørsmål om når helikopterbasen kan avviklast. Helse Bergen HF har svart at det tidlegast kan skje ved årsskiftet 2020-2021 under føresetnad av ein effektiv vedtaksprosess både administrativt og politisk i både Bergen kommune og i vårt RHF/HF-system.

I denne saka blir det fremja eit forslag om å setje i gang eit prosjekt for å få realisert ein helikopterbase på Nygårdstangen innanfor dei føresetnadene som er lagt til grunn i reguleringsplanen.

Basen som i dag ligg på Grønneviksøren, er ei vidareføring av basen som i si tid låg på andre sidan av Nygårdstangen der AdO (badeanlegg) og Amalie Skram vidaregåande skule ligg. Basen har funksjoner for eitt helikopter med fasilitetar for mannskap og teknikar, legebil og legebil-garasje. I tillegg er det lagt til rette for at også andre helikopter kan lande på basen ved behov, for eksempel offshore-helikopter og Forsvaret sitt redningshelikopter. Basen blir også brukt som landingsplass for andre luftambulanshelikopter som har hatt oppdrag knytt til Haukeland universitetssjukehus og som treng å fylle drivstoff før retur til heimebasen.

Formålet med utgreiinga er å få fram eit prosjekt som beskriv ein ny helikopterbase for Luftambulansen på tomte som er bestemt til formålet i reguleringsplanen for Nygårdstangen.

Prosjektet skal klargjere størrelsen og utforminga av basen i samarbeid med Bergen kommune, Luftambulansetenesta HF og Bergen brannvesen.

Kommentarar

I tråd med reguleringsplanen skal det arrangerast ein arkitektkonkurrans knytt til utforming av basen.

Reguleringsplanen viser plassering og høgder på plattformdekket og eit hangarbygg. Innhaldet i arkitektkonkurransen skal avklarast mellom Helse Bergen HF og Bergen kommune.

Bergen kommune vil truleg leggje føringar på fargeval og materialval, men geometri på plattform og utstrekning av hangarbygg vil nok vere gitt ut frå dei behova som luftambulansetenesta har og eventuelle behov frå politi og brannvesen. Om det skal etablerast kommunale funksjonar i bygget/anlegget, må det også avklarast.

Ut frå eit førebels romprogram og kjende funksjonar for Luftambulansetjenester HF, vil ein ny base truleg kunne realiserast for mellom 200-250 millionar kroner.

Investeringskostnadane vil belaste føretaket sitt budsjett om lag som følgjer:


2019	2020	2021	2022
30 mill kr	100 mill kr	90 mill kr	30 mill kr

Brakar av basen er Luftambulansetjenester HF som leiger bygget. Ny base har som føremål å leggje til rette for at Luftambulansetjenester HF kan utføre sine tenester. Helse Bergen skal ikkje være leigetakar i basen. Vi har vurdert det slik at dette er eit prosjektet som kunne være godt eigna til å gjennomførast i samarbeid med ein privat utbyggjar, eventuelt som eit OPS-prosjekt (Offentleg Privat Samarbeid). I eit slikt prosjekt kunne eit privat selskap bygge, drifte bygget, finansiere og vedlikehalde anlegget. Nye styringssignalar frå eigar m.fl. tilseier at ein slik prosjektmodell no er mindre aktuell.

Vi legg difor til grunn at gjennomføring, organisering, ansvarshøve mot Luftambulansetjenester HF og finansieringsløyising vil bli avklart i utgreiinga.

Helse Bergen HF legg tidlegfaserettliar for sjukehusprosjekt til grunn for arbeidet. Val av tomt er allereie gjort. Utgreiinga i prosjektinnrammingsfasen må først og fremst klargjere finansiering og gjennomføringsmodell og vise korleis prosjektet skal organiserast. Dagens base rommar funksjonar som skal dekke eit helikopter. Det bør i denne første fasen bli tatt stilling til om kapasiteten skal aukast til to helikopter.

Det er lagt ein førebels framdriftsplan for arbeidet fram til anlegget kan takast i bruk:



Konklusjon

Helse Bergen ber om godkjenning av igangsetting tidlegfase knytt til ny basefunksjon for luftambulansane. Prosjektet går inn i ein prosjektinnrammingsfase, slik denne er omtalt i tidlegfaserettliaren.

Det blir spesielt viktig å avklare rammene knytt til finansiering og gjennomføringsmodell. Det blir sett av 2 millionar kroner til utgreiingskostnader.